




Skrivemåtar i offentlig bruk/ forslag	Type stad	Uttale, skrifttradisjon og merknader Høyringsfråsegner Tilråding frå Språkrådet Kartverkets vurdering	Vedtak
Ævongsmyri Ævungsmyri Ævangsmyri Ævongsmyre Ævungsmyre Ævangsmyre	Myr	Uttale, skrifttradisjon <i>Ævongsmyri</i> på økonomisk kartverk frå 1968. I Heradsregisteret finn vi desse oppslagsformene og uttaleopplysningane på arkivkort frå 1963 (øvt) og 1979:  	Ævongsmyri

		Høyringsfråsegner Ellen Linda Gåsdaalen, eigar av bruk 137/3, skriv blant anna: <i>Eg bur nederst inn vegen nærmast Myre å syns det er ein mykje mjukar klang i namnet med e på slutten enn i. (...) Eg syns Ævongsmyre, med e på slutten slik det stend i økonomisk kartverk frå 1968, ligg mest te dialekta si uttalsmåte.</i> Åsta Østmoe Kostveit viser til at Rikard Berge i bind 1 av bokverket <i>Vinje og Rauland</i> (1940) skriv namnet <i>Ævaangsmýri</i>, og skriv: <i>Han skriv jo aa i staden for Å, så det vil seie Ævångsmýri. Dei eg kjenner som bur i området og er innfødte, seier Ævongsmyri.</i> Odd Skei Kostveit skriv: <i>Ævongsmyri. Denne skrivemåten er nærast den munnlege uttala av stadnamnet slik eg oppfattar det i dag. I-endinga er vel leiande på Rauland, medan e-endinga er meir i bruk i Vinje.</i> Rauland Historielag ønsker skrivemåten <i>Ævongsmyri</i>, og skriv: <i>Evongsmyri har vore i bruk i lang tid og er også i samsvar med uttalen.</i> Tilråding frå Språkrådet Språkrådet tilrår skrivemåten Ævongsmyri. Dei skriv at Rikard Berge sin bruk av skrivemåten <i>Ævaangsmýri</i> i 1940 kan tyde på at ein eldre uttale med /å/ i andre staving, men at dei vel å leggje vekt på opplysningane i Heradsregisteret, som tydar på ein uttale med /o/, noko som er i samsvar med høyringsfråsegnene. Språkrådet skriv vidare at hankjønnsordet som det er stor grunn til å rekne med at er opphavet til forleddet i myrnamnet, og namnet på bruk 137/3, hadde formene <i>áivangr</i> og <i>ævangr</i> i gamalnorsk, noko som opnar for ein skrivemåte med æ. Dei viser til at punkt 3.8 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn seier: Namneledd med ein nedervd lokal uttale som har nær samband med gammalnorske former, kan skrivast i	
--	--	--	--

		samhøve med uttalen (<i>lid</i> for <i>li</i>, <i>strond</i> for <i>strand</i>). Sjølv om dei gamalnorske formene kan tale for ein skrivemåte med <i>a</i> i andre staving, viser Språkrådet til det samstemte ønsket om en skrivemåte med <i>o</i>, og viser òg til at <i>Ævongsmyri</i> har vore einaste skrivemåte i offentleg bruk i kring 50 år. Når det gjeld sisteleddet, viser Språkrådet til punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane, som seier at sterke hokjønnsord i bunden form eintal kan få endinga <i>-i</i> når «når dialektuttalen er <i>-i</i> eller <i>-ei</i>, eller når det er normeringstradisjon for å nytte <i>-i</i>». Kartverkets vurdering Hovudregelen i lov om stadnamn, § 4 første ledd, seier at skrivemåten av stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedarva lokale uttalen. Definisjonen på nedarva lokal uttale finst i § 2 e: <i>[U]ttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk</i>. Uttaleopplysningane i Heradsregisteret frå 1961 og 1979 viser at ein uttale med /o/-lyd i den andre stavinga har vore i bruk lenge, og denne uttalen stadfestast i høyringsfråsegnene i saka, der alle ønsker skrivemåten <i>Ævong-</i> i førsteleddet. Når det gjeld bruk av <i>Æ-</i> i førstestavinga, viser Språkrådet altså til at det sannsynlege opphavet til førsteleddet i stadnamnet hadde formene <i>áivangr</i> og <i>ævangr</i> i gamalnorsk. Ifølgje forskift om stadnamn § 1 første ledd skal allment kjende ord og namneledd skrivast i samsvar med rettskrivinga, men det aktuelle ordet kan ikkje reknast som allment kjend, og har ikkje ei form i dagens rettskriving. Fleirtalet av dei som har uttalt seg i saka ønsker skrivemåten <i>-myri</i> for sisteleddet, og dei skriv at denne skrivemåten er i samsvar med uttalen. Ellen Linda Gåsdaalen ønsker ein skrivemåte med <i>-e</i>, og skriv at dette er nærast dialektuttalen. Uttaleopplysninga i Heradsregisteret frå 1961 og 1979 avvik når det gjeld skrivemåten av sistestavinga, og i Norsk målføresynopsis finn vi	
--	--	--	--

		følgjande uttaleopplysningar om namneleddet <i>myr</i> i bunden form eintal i Neslandsgrend (øyst, der <i>é</i> representerer en uttale mellom <i>e</i> og <i>i</i>) og Lognvik:  Kartverket vel å leggje vekt på fleirtalet av høyringsfråsegnene, samt det Språkrådet skriv om at skrivemåtar med <i>i</i>-ending er nytta i adressenamn i området (blant anna i adressenamnet som er med i denne saka). Vi kan leggje til at skrivemåten <i>-myri</i> generelt er dominerande i skriftformer i offentleg bruk i Rauland. I samsvar med fleirtalet av høyringsfråsegnene, skrifttradisjonen og tilrådinga frå Språkrådet, fastset Kartverket skrivemåten Ævongsmyri.	
Ævongsmyri	Eksisterande adressenamn. Kommunen er vedtaksorgan.		Vinje kommune er vedtaksorgan, og må vurdere skrivemåten på ny i samsvar med skrivemåten av myrnamnet.
Ævongsli Evongslid Evangslid	Bruk 137/3.	Sjå òg Ævongsmyri ovanfor. Skrifttradisjon <i>Evangslid</i> i dagens matrikkel og gammel grunnbok. <i>Evongslid</i> i matrikkelutkastet 1950.	Ævongsli

		Høyringsfråsegner Gunhild Gardsjord skriv at ho føreslo «Ævongsli» som namn på den aktuelle vegen (adressenamnet), og skriv vidare: [E]igedommen 37/3 fekk <i>namnet Ævongsli på grunn av nærskap med den store myra Ævongsmyri</i>. Rauland Historielag skriv at dei meiner at Ævongsli er eit godt val som adressenamn. Tilråding frå Språkrådet Språkrådet viser til si tilråding for namnet på myra, og skriv: [D]en føreleksforma som blir vedteken for myrnamnet, [bør] òg nyttast i det aktuelle bruksnamnet. Det er ikkje talemålsgrunnlag i området for å late etterlekken i namnet bli skriven med d Kartverkets vurdering Sjå vår vurdering av myrnamnet ovanfor når det gjeld skrivemåten av forleddet. Sisteledet bør skrivast <i>-li</i> i samsvar med rettskrivinga. Ingen har ønska skrivemåten <i>-lid</i>, og Språkrådet skriv at det ikkje er talemålsgrunnlag for denne skrivemåten i området. Kartverket fastset skrivemåten Ævongsli.	
Ævongsli Sjå òg bruk 137/3.	Føreslege adressenamn. Kommunen er vedtaksorgan.		Vinje kommune er vedtaksorgan.
Vesthaddin Vesthaddine Vesthallin		Merknader Kartverket skreiv i oppstartsbrevet: «Typen stad må avklarast nærare under høyringa», og Gunhild Gardsjord skreiv i si høyringsfråsegn:	Vinje kommune er vedtaksorgan.

Vesthalline		«Namnet Vesthaddin er notert som namn på hytteområde med gnr 137 bnr 24 i Vinje kommune. Namnet er nylaga, og står for ei skildring av retning og terreng i vestre kant av det hallande (haddande) landskapet i grenda Haddland. Underteikna har som grunneigar gjort framlegg av dette som namn på den private vegen inn i hytteområdet.» Kommunen vel namn og fastset skrivemåte for både adressenamn og namn på hyttefelt. Kommunen må vurdere kva som er aktuelt i denne saka.	
Haddeland Haddland Haddelandsgrend Haddlandsgrend	Grend. Kommunen er vedtaksorgan.	Skrifttradisjon <i>Haddeland</i> på Norge 1:50 000 frå 1952 og 1970 mfl. <i>Haddlandsgrend</i> på økonomisk kartverk frå 1968. Merknader Grendenamet er det opphavslege namneobjektet (primærnamnet), jf. lov om stadnamn § 4 tredje ledd. Kommunen må gjere vedtak om grendenamet før Kartverket gjer vedtak om Haddelandshylen/Haddlandshylen. Kartverket skreiv i oppstartsbrevet: «Hadd(e)land og Hadd(e)landsgrend er ulike stadnamn (og altså ikkje ulike skrivemåtar av det same stadnamnet). Kommunen må fastsette ein skrivemåte for namnet Haddeland/Haddland og ein skrivemåte for namnet Haddelandsgrend/Haddlandsgrend. Dei må òg vurdere kva for status dei ulike namna skal ha (hovudnamn, undernamn, sidenamn, eller eventuelt historisk namn, om eit av namna ikkje er nytta i dag). Dette avgjer korleis namna kjem fram i kart. Les meir om namnestatus i vår handbok for namnebehandling kap. 7.2.» Nokre høyringsfråsegner viser at formuleringa om ulike stadnamn kunne misforståast. Vi vil derfor understreke at vi med «ulike stadnamn» her meiner	Vinje kommune er vedtaksorgan.

		at Hadd(e)land og Hadd(e)landsgrend er å rekne som ulike namn som nyttast om <u>den same staden</u> . I denne samanhengen er dette hovudsakleg ei teknisk differensiering som avgjer korleis namna skal registrerast i Sentralt stadnamnregister.	
Haddlandsvegen	Eksisterande adressenamn. Kommunen er vedtaksorgan.		Vinje kommune er vedtaksorgan.
Haddelandshylen Haddlandshylen	Høl	Skrifttradisjon <i>Haddlandshylen</i> på økonomisk kartverk frå 1968. <i>Haddelandshylen</i> på Norge 1:50 000 frå 1984.	Kartverket er vedtaksorgan, men avventar at kommunen gjer vedtak om namnet på grenda, som er primærnamnet.